



Masfjorden kommune
Teknisk, miljø og landbruk

MORTEN BØRNES

Fensfjordvegen 933
5986 HOSTELAND

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2026/845 - 2	Ottar Myrtveit	03.07.2026

Delegert Teknisk utval, delegert saksnummer 52/2026

Melding om delegert vedtak - gbnr 5/1 - Søknad om bygging av
landbruksveg - "Skogeresvegen"

Administrativt vedtak. Saknr:

Masfjorden kommune viser til landbruksvegforskrifta og godkjenner søknad om 625m
landbruksveg kl 8/ (enkel traktorveg/kjøretrase i terreng) frå våningshus til nydyrka felt som
omsøkt på fygjande vilkår, og med dei forbehold som kjem fram i svarbrev frå Vestland
Fylkeskommune. Vegnavn – Skogeresvegen.

- Tiltaket kan ta til, då Vestland Fylkeskommune har avklart at tiltaket her ikkje er i strid med
funn i området som kan bli påverka.
- Veggen skal byggjast som synt i plankart.
- Gjennomføringa av byggearbeidet er 3 år frå vedtaksdato. Etter den tid fell løyvet bort.
- Arbeidet skal ikkje ta til før klagefristen på 3 veker er ute, og det ikkje er komen klager.
- Dersom det kjem fram funn eller konstruksjonar i samband med grunnarbeidet, må
arbeidet stansast og Vestland Fylkeskommune få beskjed, jf lov om kulturminner §8, 2.
ledd.
- Arbeidet skal attendemeldast til kommunen når det er ferdig for endeleg innmåling.

Heimel: Landbruksvegforskrifta, Skoglova, Kulturminnelova og Naturmangfaldslova.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28 – 36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er sendt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar du ønsker.

Saksutgreiing:


1. Bakgrunn

Søknad om bygging av 625m landbruksveg kl. 8, enkel traktorveg min 3,0 m brei på gnr 5 bnr 1.

Store delar av vegen går utan noko inngrep på snaufjell og i terreng utan noko inngrep. Det vert berre nokre parti med mindre tilpassing. Her vert ingen skjeringar eller fyllingar. Traseen som her er vald følgjer terrenget særst godt, og kan nesten reknast som kjøring i terreng. Partier med lausmassar/myr vert meir eller mindre masseutskifta. Vegen vert bygd etter standard for landbruksveg kl 8

2. Uttale

Saka er sendt til Vestland Fylkeskommune for uttale om evt fornminner, og svar derfra er at her ikkje er registrert noko, men om her kjem fram funn eller konstruksjonar i samband med arbeidet, skal arbeidet stansast og Vestland Fylkeskommune og kommunen skal varslast.



3. Fakta

Søkjar er ansvarleg som sjølvbyggjar for heile vegen som går gjennom barskog med

lav og middels bonitet. Masfjorden ligg i sone med mest nedbør i landet, og stikkrenner skal ha min. Ø400mm for å unngå skader ved flaum. Landbruksformålet utgjer her 100% der 25 % er skog, 25% utmark og 50% jordbruk. Vedlagt kart syner syner trase. Vegentraseen er ikkje innmålt, men synfart.

Området er sjekka i gardskartet for:

- Kulturminner
- Rødlisterarter er registrert, men desse er godt utanfor området.
- Nasjonale arter, gjeld det same.
- Miljøregistreringar
- SEFRAK bygg er her ikkje, og ein ser ikkje andre moment som er i konflikt.

Omsynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminner og friluftsliv er her vurdert. Heile vegen ligg over marin grense med unntak av dei 40 vestlegaste metrane mot våningshus.

4. Vurdering

Bygging av nye vegar vert handsama normalt etter Plan og bygningslova, men

landbruksvegar er eit unntak. Desse vert handsama etter landbruksvegforskrifta. På omsøkt veg er nytten er rekna som over 50% av samla nytte av vegen er knytt til landbruksverksemd. Då skal landbruksvegforskrifta nyttast. Vegen vil gje enklare tilkomst til skog og jordbruksareal utan at at treng kjøyra på offentleg veg.

Omdisponering av jordbruksareal er her ikkje då heile traseen er på utmark.

5. Konklusjon

Omsøkte landbruksveg på gnr 5 bnr 1 er ikkje i strid med kommunale planar, eller aktuelt lovverk, og vert godkjent som omsøkt med nemde vilkår.

Med helsing

Ottar Myrtveit

landbruksrettleiar

Roald Kvingedal

teknisk sjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje handskriven signatur

Bruk gjerne [eDialog](#) for å svare oss på dette brevet. Oppgi dette referansenummer 2026/845 i klagen. Les meir om eDialog på [på vår heimeside](#).